



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 15.05.2017
Vår ref.: 2017/121-84
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Bente Kopperdal Hervik

Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017 - Underretting om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama søknaden i politisk sak 60/17 på møte den 26.04 d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag. For oversikt over tildeling sjå vedlegg.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20170215 var det kome inn 77 søknader. Samla søkesum var om lag 5,6 millionar kroner. Det er totalt 2200000 kr til fordeling under Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017.

Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte. Dykkar tiltak vert, etter ei samla vurdering, ikkje tilgodesett.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Individuell grunngjeving: Fell utanfor ordninga. Dette gjeld istandsetting av bygg.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage - saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost hanne.espe@hfk.no eller tlf. 55 23 91 78.

Per Morten Ekerhovd
Kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamarar: Hanne Espe

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.